



Reglement for stønad til roveraktivitetar i Ryvarden krets

Vedtatt av kretsstyret



ALLTID BEREDT

Vedtatt: 28.04.2019

Sist endra: 28.04.2019

På Kretstingets årsmøte 23. februar 2019 vart det i sak 5 vedtatt at kretsen ynskjer å gje stønad til roverar som vil reise på nasjonale arrangement. Kretstyret fekk saman med Roverutvalet i oppdrag å utarbeide retningslinjer.

Dette reglementet erstattar alle tidligare vedtak om stønad til roveraktivitetar.

1. Målgruppe og avgrensingar

- 1.1. Stønadordninga gjeld berre for dei av kretsen sine medlemmar som er i roveralder og som deltek på nasjonale speidararrangement bortsett frå leirar.
- 1.2. Ingen får dekkja meir enn halvparten av kostnadene sine knytta til reise og deltaking.
- 1.3. Reisa må i utgangspunktet gjennomførast på den billigaste og mest miljøvenlege måten. Samstundes må søkjaren vurdere heilskapen og balansen mellom kostnadar, tilgjenge, tidsbruk og andre praktiske omsyn.
- 1.4. Det er forventa at dei som får innvilga stønad bidreg aktivt, anten lokalt i gruppa eller i kretsen.

2. Søknad

- 2.1. Det er to årlege søknadsfristar; 15. mai for vårsemesteret og 15. november for haustsemesteret.
- 2.2. Det er ikkje eit eige søknadsskjema, men søkjaren fyller ut kretsen sitt skjema for reiserekning og sender dette på e-post til kretsen.
- 2.3. Utgifter til offentleg transport treng ikkje dokumenterast. Alle andre utgifter må dokumenterast.
- 2.4. Svar på søknad og eventuell utbetaling av stønad kjem omlag éin måned etter søknadsfristen.
- 2.5. Søknadane vert handsama av kretsstyret.

3. Stønad

- 3.1. Storleiken på det årlege beløpet som vert sett av til ordninga vert vedtatt i kretsen sitt budsjett.
- 3.2. Inntil halvparten av midlane vert disponert i vårsemesteret og resten av midlane i haustsemesteret.
- 3.3. Unytta midlar for vårsemesteret vert overført til haustsemesteret. Unytta midlar eitt år går ikkje vidare til neste år.
- 3.4. I utgangspunktet får alle søkjarar som oppfyller kriteria dekkja halvparten av utgiftene til reise og deltaking. Dersom den samla stønadssummen i ein søknadsomgong vert større enn dei avsette midlane, vert midlane delt likt mellom søkjarane.